

Informasjon om skulebuss og smittevern

Med bakgrunn i tilbakemeldingar og spørsmål om smittevern på skulebuss, vil Sunnfjord kommune informere om gjeldane retningslinjer.

Det er transportør som har ansvaret for å handtere smittevern på skulebuss, etter gjeldande nasjonale retningslinjer for transport og skuleskyss. I brev frå Vestland fylkeskommune datert 4.01.2021, er vi blitt informert om at følgjande gjeld:

- *Offentleg transport bør avgrensast, men elevar som er avhengige av skoleskyss kan ta buss eller anna transport for å kome seg til skolen.*
- *På reiser under ein time kan elevar sitje saman skulder-til-skulder (uavhengig av kohortar), men ein bør unngå kontakt ansikt-til-ansikt på reiser. Dette gjeld både for skoleskyss utført med buss og med drosje.*
- *Sitjeplassar skal prioriterast framfor ståplassar på buss. Dette inneber at elevar bør sitje saman skulder-til-skulder framfor å stå, så lenge det er tilgjengelege sitjeplassar.*
- *Skoleelevar på ungdomstrinnet og på vidaregåande trinn skal i tillegg følgje nasjonale/lokale anbefalingar eller påbod om munnbind. Dette gjeld både for skoleskyss utført med buss og med drosje.*
- *Elevar skal ikkje reise med skuleskyssen ved mistanke om smitte, eller milde sjukdomssymptom. Vi ber også om at Skyss eller operatør blir varsla om tilfelle der det blir påvist smitte hjå elevar som har nytta skoleskyssen nært opp til tidspunktet for påvist smitte.*

I praksis inneber dette at kapasiteten i skoleskyssen per i dag er den same som tidlegare, sjølv om det er innført raudt nivå i skolen.

Sunnfjord kommune forventar at transportør føl opp dei nasjonale retningslinjene. Ved varsel om avvik vil kommunen følgje opp, ved å gi transportør tilbakemelding om behov for endring.

Kommunane kan innføre lokale retningslinjer for transport. Vedtak om lokale retningslinjer må bygge på vurderingar av smittetrykket i kommunen. I Sunnfjord kommune er smittetrykket lågt og dei tiltaka som er innført nasjonalt i skulen, vil ha førebyggjande effekt for vår del.

Det er med bakgrunn i vurdering av smittetrykket, ikkje innført lokale retningslinjer for transport i Sunnfjord kommune. Behovet for lokale retningslinjer blir vurdert om situasjonen skulle endre seg.

Sunnfjord, 6. januar 2021

Øystein Furnes
Kommuneoverlege

Åge Stafsnes
Kommunalsjef



Sunnfjord
kommune